

**LIVET UNDER VATN:** «Alvin Sputnik Deep Sea Explorer» er eit svært kritikarrost teaterstykke som føregår under havoverflata. FOTO: WEEPING SPOON PRODUCTION

# Hovudet under vatnet

**Eit prisvinnande australsk teaterstykke om havstigning, er programsjef Camilla Svingens favoritt på årets utgåve av Mini Midi Maxi.**

SONDRE ÅKERVIK
sondre.akervik@bt.no
foto

Teaterfestivalen Mini Midi Maxi blir arrangert for niande gong, og fokuserer i hovudsak på barn og unge. 10 ulike framsyningar frå Noreg, Sverige, Danmark, Spania, Nederland, Belgia, Italia og Australia står på programmet. Programsjef Camilla Svingen er veldig nøgd.

– Fleire av teaterkompania har vunne prisar for beste framsyning, seier Svingen, og trekk fram «Skitne Vinger», «Den glade prinsen», «Joe No, Bess Yes» og «Sorte får».

Likevel er det eitt teaterstykke frå Australia ho særleg vil framheve.

– Eg er stolt over å ha fått australske Weeping Spoons Productions hit med «Alvin Sputnik Deep Sea Explorer». Det er eit prisvinnande stykke som har fått mykje skryt. Vi har prøvd å få dei hit i mange år, og i år klaffa det.

«Alvin Sputnik Deep Sea Explorer» er eit éin-manns mikrodrama om varig kjærleik og verdas undergang. Etter at havnivået stig, og fleire millionar menneske har omkome, har dei overlevande etablert seg på toppen av fjell og skyskraparar. Siste håp om å finne ei ny verd og redde menneska, er utforsking av havdjupet. Dette dykkaroppdraget tar Alvin Sputnik, personifisert av skodespelaren St John Cowcher.

– Han er ein ung skodespelar med eit veldig godt rykte. Han har allereie ei lang merittliste, seier Camilla Svingen om Cowcher.

I utanlandsk presse har teaterstykket fått knallkritikkar. Mellom anna i New York Times, som samanliknar det med den Oscar-vinnande animasjonsfilmen «Wall-E». New York Theatre meiner at kvar ein Pixar-film hadde sett slik ut i teaterform.

Programsjefen for Mini Midi Maxi fortel at det har tatt tid å byggje opp statusen til festivalen.

– Dei første åra var det heilt umogleg å få dei beste stykka hit. Men når vi no har fått litt fartstid, ser vi at dei utanlandske teaterkompania også har retta blikket mot Bergen og det som skjer her, seier Svingen.

## Poetisk om miljøtrusselen

**Stykket er velsignet fritt for hevede pekefingre og moralisering, her får hver og en lov å tenke selv.**

**FIGURTEATER**

«Svev»

Av Jan Holden, Jorunn Lullau og Steinar Thorsen
Regi: Steinar Thorsen
Musikk og lyddesign: Gard Frostad Knutstad
Barnas kulturhus

Vår skjøre planet, og vår evne til å skade den, er tema for denne poetiske forestillingen. Det bortimot ordløse figurteatret lar oss møte en verden som allerede er kommet farlig langt i retning av (selv)ødeleggelse og undergang. Handlingen er enkel, men noen ganger så enkel at den blir stillestående og uklar – andre ganger litt overtydelig. Men som helhet er det poesien og undringen som preger forestillingen.

Også scenografien er enkel: en jordoverflate som bærer preg av å ha blitt herjet med, og der bare restene av et tre vitner om liv. Men opp fra et hull kommer en ung, hvithåret jente, som storøyd tar seg frem over de ellers øde omgivelsene. Jordens åndedrett både hører og ser vi, og det er tungt. Noen av fremskrittets viktigste uttrykk trekkes frem som sentrale i menneskehetens selvdestruktive prosjekt – industraliseringen (som her blir overtydelig, i strid med forestillingens «ånd») og vår fascinasjon for en teknologi vi ikke alltid kan kontrollere. Det siste får sitt talende uttrykk i scenen hvor en robot spiller dansemusikk, som skaper glede og bevegelse hos jenten, hvorpå den går over til noen takter fra Skjebnesymfonien – for deretter å gå til fysisk angrep på jenten og skremme henne tilbake i hullet hun opprinnelig kom fra.

På dramatisk vis revner jorden, og trerestene oppslukes. Men en barneforestilling kan selvsagt ikke ende i destruksjon, så vi får oppleve at «nytt liv av daude gror». Jorunn Lullau og Jan Holden fører figurene med sikre hender.

Lyssettingen er virkningsfull og musikken velvalgt. Visuelt spenner forestillingen fra dystert sludd til den fargerike regnbuen, og alle elementene spiller godt sammen. Dette stykket om naturens behov for å gjenopprette sin ære, er første del av en planlagt trilogi om «ærens forbrytelser», hvor Jan Holden og Steinar Thorsen akter å belyse ulike aspekter av æren. Det er all grunn til å følge prosjektet videre.

JAN H. LANDRO

